




Fotturen følger ein gamal sti rundt vatnet, den såkalla Sogestien. Langs stien er der sett opp 27 opplysingsskilt, som fortel om livet i Fitjadalen i eldre dagar.

The walk follows an old path, now known as the History Trail (*Sogestien*), round the lake, and 27 signs along the way provide information on valley life in times past.



Byrkjenes.

Foto: Willy Haraldsen

Route and places of interest

Option I

Terrain: Flat, approx. 4 km footpath, 3 km tarmac road
Time: Approx. 2.5 hours

From roundabout on Rv7 at Øystese village, take turning for Fitjadalen and follow this road uphill for about 3,5 km. Park at Klypeleite (1), from where the road heads downhill and you have a view of Fitjadalsvatnet (lake). The Fitjadalen valley starts here, and the lake is about 100 m down the hill.

Start the walk by casting your thoughts back in time, imagining the people who used to use this path not for pleasure, but for going about their daily life and work. From the sign marking the start of the History Trail, follow the path downhill to Blåkoll (2), from where you take the old shieling road up to Soget ('the whirlpool') (3). If the water level in the lake is high, the outflow forms a powerful whirlpool, and it can be dangerous to row too far down the lake. Many people have jumped clear at the last moment and saved their lives, while their boats were consumed by the current.

For about 100 m near the whirlpool, you can see traces of charcoal in the path, which runs straight through the site of former charcoal kilns. Bathing and rowing are permitted in the lake, but motorboats are prohibited. The lake-bed at Fantaholo is nice and sandy, while the path at Hengleberg (4) forms a natural 'diving board'. The water here is about 20 m deep. The shielings at Kvannvik (5) provide a comparison between old and new architecture. At the bridge (6) we leave the History Trail for a while and cross the river. You may like to make a detour down to the lakeside at the tar kiln (7). The farmers of Vik and Mo stopped using the shielings at Kvannvik in 1957/58, but those at Ruedal (an hour's walk from here) remained in use until 1962.

We pass Lauvvik shieling and rejoin the History Trail at the charcoal kilns (8), bearing right at the junction of the path. Straight ahead you have a fine view over the shieling pasture at Fete. The highest mountain in the distance is Skrott, 1,320m above sea level. The viewpoint (9) below Valaberget is a great place for a picnic. Many trees and bushes flourish on

Rute og ymse av interesse

Alt I:

Terrang: Ca. 4 km på sti, 3 km asfaltert bilveg. flatt terrang.
Tid: Ca: 2½ time

Frå Rv 7 i rundkøyringa ved Øystese sentrum køyrer du av på vegen som er merka Fitjadalen, og følgjer denne vegen oppover lia ca. 3,5 km. Ved Klypeleite (1), der vegen hallar nedover, ser du Fitjadalsvatnet. Parker bilen ved Klypeleitet. Her opnar Fitjadalen seg, og det er ca 100 m. unna-bakke til vatnet.

Vi startar turen med opne sansar, og let tankane gå bakover i tid, til dei som har gått før oss, og som har hatt andre grunnar til å gå her enn det vi har. Vi går inn på stien ved skiltet som viser Sogestien, og går ned til Blåkoll (2). Derifrå følgjer vi den gamle stølsvegen oppover til Soget (3). Dersom vatnet står høgt, dannar utløpet av vatnet eit kraftig sog. Er du på rotur, kan det vera farleg å koma for langt ned mot utløpet. Mange har hoppa ut av båten og redda seg i siste liten, og fleire båtar er tekne av elva. I ein strekning på om lag 100 m. ved Soget finst det restar av trekol i stien, som går midt gjennom gamle kolmiler. Det er lov å bada i vatnet, og ein kan bruka robåt. Bruk av motor er derimot forbode. I Fantaholo er der fin sandbotn, og vegen ved Hengleberg (4) dannar eit naturleg "stupebrett". Vatnet er ca 20 m. djupt her. På stølsbakkane i Kvannvik (5) kan vi studera gamal og ny byggeskikk. Ved brua (6) forlet vi Sogestien for ei stund, og kryssar elva. Ta gjerne ein avstikka ned til vatnet ved tjøremila (7) I 1957/58



slutta bøndene på Vik og Mo å støla i Kvannvik. På Ruedal (1 times gange herifrå) var der budeier og støling til 1962.

Vi passerar stølen Lauvvik og kjem innatt i Sogestien ved kolmilene (8) og tek til høgge ved vegskiljet. Framme på kanten er der fint utsyn mot stølsvollen på Fete. Høgaste fjell i bakgrunnen er Skrott, 1320 m. o.h. Ta gjerne ein matpause under Valaberg ved Utsyn (9). I lia veks mange varme-kjære treslag, ask, alm, hassel og selje, 10 m. frå stien står ei stor selje som er fin å klatra i.. Elles er or og bjørk dei vanlege viltveksande treslaga, all gran er planta. Medan du sit her ved bordet, tenk på at hare, rev, hjort, hauk, kongeørn og alle songfuglane held auge med deg, sjølv om du ikkje ser dei !

Ta deg god tid ved Geitabruhølen (10), men ver forsiktig! Froskemenn som har vore nede i hølen, fortel om fantastiske jettegryter og holer under vatnet. Vi passerer Fete og kjem til parkeringsplassen ved enden av bilvegen. Veggen opp til Fitjadalen vart bygd under siste verdskrigen. I Fitjadalen var det mykje skog, og trevirket vart saga opp til "knott", små trestykke som vart nytta som brensel på gassdrivne generatorar på bilar. Frå Fete går ein bomveg vidare til Botnane. Ved bommen kan vi kjøpa fiskekort for fiske i fleire vatn oppe i fjellet. Fisket i Fitjadalsvatnet er fritt, og gratis. Det er også lovleg å fiska med garn, 26 omfar / 24 mm. høver godt. Vanleg storleik på fisken er 100-120 gr., men i 1997 vart der teke fisk på 4,8 kg.

Mellom to elvar ligg husa på småbruket Blekeld (11). I tidlegare tider budde folk her heile året, dei andre bygningane i Fitjadalen var stølshus. Snu deg attende ved Krossnes, her har du fin utsikt mot Fete, Botnane og fjella i bakgrunnen. Ved Klubben ser du over mot Kvannvik og Lauvvik, med Torefjell (1050 m.o.h), Kongshovden (700 m. o.h.) og Ullnos i bakgrunnen.

Det er omlag 85 hytter i Fitjadalen (1998). Her er ikkje elektrisk straum til hyttene. Friskt vatn vert henta i elvar og bekker, ved til oppvarming finst i skogen, og det er rikeleg fisk i vatnet. Vi tek ein tur nedom nausta (12) for å studera lafteteknikken, nausta er nyleg restaurerte.

Alt II:

Terreng: Ca. 6 km. på sti, 3 km asfaltert bilveg. Bratt stigning på ein del av stien.

Tid: Ca. 1 time i tillegg til alt. I.

Har du høve til det, ta turen om Vikehelleren og Kongshovden. Under helleren vart det lagra høyi i eldre tid. Her er også helleristing med skip og menneskap, og du kan sjå nokre små groper i fjellet, offergroper. Nærare opplysingar finn du på tavlene langs Sogestien.

the sunny slopes here: ash, elm, hazel and willow. A large willow tree, ideal for climbing, stands 10ÿm from the path. The other species commonly growing wild here are alder and birch; all the fir trees are planted. As you sit at the picnic table here, remember that hares, foxes, deer, hawks, golden eagles and all the songbirds are watching you, even if you can't see them!

Take your time to admire Geitabruhølen (10), but be careful! Frogmen who have explored the pool have described fantastic underwater potholes and caverns. Passing Fete, we reach the car park at the end of the public road. The road up to Fitjadalen was built during the Second World War. There were large forests in the valley, and the timber was sawn into small pellets used as fuel for vehicles powered by gas generators.

From Fete, a toll road extends to Botnane. At the toll barrier you can buy fishing permits for several mountain lakes. Fishing in Fitjadalsvatnet is open to everyone, free of charge. Net fishing is also permitted (recommended mesh size 24mm). The normal fish size is 100120g, but a 4.8kg specimen was caught in 1997.

Blekeld farmhouse (11) lies between two rivers. In former times, this smallholding was inhabited all year round, unlike the shielings in Fitjadalen which were occupied only in summer. If you look back at Krossnes, you will have a splendid view of Fete, Botnane and the mountains beyond. From Klubben you look out on Kvannvik and Lauvvik, with Torefjell (1,050m), Kongshovden (700m) and Ullnos in the distance.

There are about 85 cabins in Fitjadalen (1998 figure), none of them with mains electricity. Fresh water is fetched from streams and rivers, the forests provide wood for burning, and fish are plentiful in the lake. Take a walk down to the newly restored boathouses (12) to study the way it is built, using logs.

Option II

Terrain: Approx. 6 km footpath (steep in places), 3 km tarmac road

Time: Approx. 1 hour extra to alt I.

If you have the opportunity, follow the History Trail past Vikehelleren and Kongshovden. In the old days, hay was stored beneath the overhanging rock at Vikehelleren. There are also rock carvings depicting ships and men, and the small hollows you can see in the hillside were used for sacrifices. The information boards along the History Trail provide further details.

Hugs:

Grunneigarane har opna opp for turvegen, og alle som fylgjer veg og sti må forvalta denne invitasjonen på best mogeleg måte. Hugs og lat att grindar, ver var om dyr i marka, og far fint med naturen. Ver merksam på lokale reglar for bandtvang for hundar. Sjølv om fotturane er lagt godt tilrette og merka, kan det alltid vera noko som endrar seg, eller synest å mangla. Dei som har lagt turane tilrette, tar ikkje ansvar for skader eller anna som måtte skje under turen. Turen blir gjennomført på eige ansvar og risiko.

Remember:

The landowners have opened their land to visitors, and no-one using the roads or paths should abuse this invitation. Remember to close gates behind you, don't disturb or feed animals, and take care with nature. Dogs must be on a lead. Although the walks are well marked and prepared, things may change, or appear to be missing. Those responsible for laying out the walks do not accept any responsibility whatsoever for any injury or damage caused during any participation in any or all walks.

Lagt tilrette og utgitt av Hordaland fylkeskommune i samarbeid med Fylkesmannen i Hordaland, Landbruksavdelinga og Hordaland og Bergen Reiselivsråd.